



Thea Hauge har hatt ein formidabel start på året sesong. Saman med far Bjørn har ho vore topp to alle dei siste tre spelekeldane. Her fotografert under "utebridgen" tidlegare i sommar.

Topp to 3

13 år og topp to tre gongar på rad – *Thea Hauge* har hatt ein fantastisk start på sesongen i Os Bridgeklubb. Det er nok ikkje mange 13-åringar rundt omkring i Noreg som rundspeler resten av klubben på den måten Thea har gjort no i haust.

Tekst og foto: Leif Juvik
leif.juvik@osogfusa.no

Ho ei ein av dei som har fått bridgen inn "morsmjølka" Thea. I familien Hauge på Os har det vore spelt bridge så lenge ein kan hugsa. Både bestemor *Inger*, bestefar *Magnus* (som døydde for nokre år sidan), onkel *Thor-Anders* og ikkje minst far *Bjørn* har spelt bridge sidan før dei kunne gå. Og no er det altså Thea som stormar fram som den nye storspela- ren i familien.

Einaste junioren i klubben

Thea byrja å spela bridge for 3 år sidan. Kun 10 år var ho då ho saman med far Bjørn troppa opp i klubben og spelte for første gong. Og det var ingen kjære mor. Os Bridgeklubb spelar med 5 til 7 bord på spelekeldane, så

alle speler i ei gruppe. Her blir du "kasta til ulvane" på direkten, noko som mange har erfart ikkje er enkelt. Det kan bli mange plasserin- gar langt nede på resultatlis- tene den første tida – så også for Thea, men resultata kjem etter kvart om ein berre er tolmodig.

Korleis har det vore å vera einaste junior i ein klubb med "berre gamlingar"?

– Det har gått heilt fint for min del. Har alltid blitt godt teken hand om, og alle har vore hjelpsame og gjeve gode råd både i spel og meldingar.

Trening må til
Etter den spede start på hei- mebane har Thea gått fleire kurs for å bli ein betre spe- lar. Dei første kursora tok ho gjennom klubben, med *Tor- hild Rasmussen* som kurs- haldar, og sist vinter gjekk

ho òg på kurs i Bergen i vin- terferien hos *Sven-Olai Høyland*.

Kjem du til å gå fleire kurs framover?

– Ja, det trur eg. Håper etter kvart eg får høve til å gå nokre kurs for dei som kan litt – læra litt meir "tricky stuff".

I tillegg til kurs og klub- kveldar speler Thea og litt på nett.

Har du ditt eige alias på BBO?

– Nei, fram til no har eg berre brukta pappa sin konto, men eg kjem nok til å få min eigen etter kvart.

Tru på framtida

Bridgen i Noreg slit med forgubbing. Mange klubbar har lagt ned, og fleire kan komma til å måtta gjera det om utviklinga held fram.

Trur du bridge er noko for dei unge i dag, og kva trur

du i skal til for å få dei unge med?

– Ja, bridge burde absolutt vera noko for dei unge. Kanskje må det eigne kurs

til for ungdom – ikkje så lett for ungdom å troppa opp på eit kurs der alle andre er 40+. Kurset vi hadde i vin- terferien var i alle fall glim- rande. Og bridge på skulen hadde jo vore heilmax.

Klar for større oppgåver

Med den store framgangen i haust er du vel klar for større ting enn klubbridge på Os. Klubben si juleturnering er vel opplagt, og kva med junior-NM på Lille- hammer neste sommar?

– Jo, det blir nok ein del turneringa etter kvart. Og junior-NM høyrest spen- nande ut. Får sjå om eg finn ein passande makker, avsluttar Thea med eit smil.

Dette er Thea

Namn: Thea Hauge
Aktuell: Tre gonger topp to på rad under klubbspelinga på Os.
Fødd: 21. oktober 1997
Bur: Finnebrekka på Os
Yrke: Elev ved Os ungdomsskule
Starta med bridge: For ca tre år sidan
Andre interesser: Handball og musikk

Thea in action

Runden 2	♦ AQ4
Spillnr 5(5)	♥ 5
Giver: Nord	♦ AKQ943
Sone: Nord-Syd	♣ AK3
	♦ K85
	♥ Q87432
	♦ J6
	♣ T7
	♦ T63
	♥ KT6
	♦ T5
	♣ QJ952
	♦ J972
	♥ AJ9
	♦ 872
	♣ 864

Spelet over er frå spelinga mandag 13. september, som viser at Thea ikkje er skugge- redd verken i meldingar eller speleføring.

Meldingane gjekk slik med Thea i syd:

Bjørn	Thea
2 kløver*	2 spar
4 NT*	5 ruter*
5 NT*	6 kløver*
6 spar	pass

2 kløver var sterkt. 2 spar viste i følge syste- met minst fem kort i fargen, men førte i alle fall til at Thea fekk ein skikkeleg utfordrande kontrakt i fanget.

Litt flaks er det lov å ha, og Thea slapp det ubehagelege hjarter-utspelet. Kløver ti kom ut, til esset i bordet. Det var smått med inn- tak til hand for å få spelt spar mot bordet, hjarter ess måtte jo behaldast, men Thea løyste problemet elegant med liten spar frå bordet i stikk 2!

Etter denne innleiinga var resten planke- køyring. Same kva vest spelte når han kom inn på spar konge var det berre å stikka, ta ut trumfen og forlanga tolv stikk.

Siste tre på Os

Resultat mandag 13. september:

<http://nbfdata.bridge.no/turnering/default.Asp?Fil=130910>

Resultat mandag 6. september:

<http://nbfdata.bridge.no/turnering/default.Asp?Fil=060910>

Resultat mandag 30. august:

<http://nbfdata.bridge.no/turnering/default.Asp?Fil=300810>